



Rune Flokenes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6107 - 22/62512

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
19.08.2022

Melding om utført endring av bygningstype - gbnr 423/77 Marøy

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 16.08.22.

Bygningstypen er no endra frå bygningstype 111- einebustad, til bygningstype 162 – heilårsbustad nytta til fritidsbustad.

Vurdering:

Ynskja endring er ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova (PBL) og kan utførast utan saksbehandling etter PBL. Slik endring vert vanlegvis gjort for ein begrensa periode, og bygningstypen kan endrast tilbake til einebustad etter nytt krav om endring av bygningstype.

Dersom eit bustadhus vert nytta til fritidshus og ikkje vert oppgradert / vedlikehalde til lenger å oppfylle standarden til eit bustadhus, kan det verta søknadspliktig å få dette tilbakeført som heilårsbustad. Her er opplyst at bustaden berre har vore nytta som fritidsbustad heilt tilbake til 1987.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget i tråd med kravet frå eigar. Då dette bygget alt har vore brukt som fritidsbustad i meir enn 30 år, kan det verte aktuelt å måtte søkje bruksendring, eller i allefall å dokumentere standarden på huset dersom det skal takast i bruk att som heilårsbustad på eit seinare tidspunkt.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
NGIR forvaltning

Mottakarar:
Rune Flokenes